

Kvartalsrapport for

3. kvartal 2016



Valle Sparebank

Delårsrapport 3. kvartal 2016

Rekneskapsprinsipp

Det er nytta same rekneskapsprinsipp som i rekneskapen for 2015. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 30.09.16 er forvaltningskapitalen på 1.407,4 mill. kroner. Dette er ein auke på 34,1 mill. kroner, eller 2,5 % i forhold til same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 30.09.16 på 1.238,8 mill. kroner, som er ein vekst på 30,9 mill. kroner, eller 2,6 % i forhold til samme tidspunkt i fjor. Det har vore ein auke på 43,8 mill. kroner eller 3,7 % i forhold til 01.01.16. Banken har ved utgangen av 3. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 471,1 mill. kroner, ein auke på 88,2 mill. siste 12 månadar. Total utlånsendring (eigen balanse og EBK) er 7,5 % siste år.

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 30.09.16 på 1.066,5 mill. kroner, som er ein auke på 18,3 mill. kroner, eller 1,7 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 86,1 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarende forholdstall 86,8 %. Det har vore ein nedgang i innskot på 1,5 mill. kroner eller 0,1 % sidan 01.01.16.

Resultat av ordinær drift

Resultat av ordinær drift før skatt viser eit overskot på 11,6 mill. kroner, mot eit overskot på 8,8 mill. kroner til same tid i fjor. Resultatet etter skatt viser eit overskot på 9,4 mill. kroner, mot eit overskot på 6,9 mill. kroner til same tid i fjor.

Rentenetto

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 21,3 mill. kroner, som er 0,9 mill. kroner høgare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjør 2,05 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,99 % på same tidspunkt i fjor.

Andre driftsinntekter

Andre driftsinntekter er på 7,0 mill. kroner, som er ein auke på 0,1 mill. kroner i forhold til same tidspunkt i fjor.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader utgjorde 16,6 mill. kroner mot 17,0 mill. kroner i same periode i fjor. Av dette er 12,5 mill. kroner løn og generelle administrasjonskostnader mot 12,8 mill. kroner i fjor.

Tap og misleghald på utlån og garantiar

Netto tap på utlån og garantiar utgjør ein kostnad på 1,36 mill. kroner, mot ein kostnad på 1,39 mill. kroner til same tid i fjor. Størstedelen av tapkostnadene er avsetningar på engasjement som har svak inntening, eller har for låg trygd til å dekke engasjementets storleik.

Kapitaldekning

Banken har ein ansvarleg kapital på 167,4 mill. kroner ved utgangen av 3. kvartal 2016. Dette gir ei kapitaldekning på 21,69 % uten at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital.

Spesielle kommentarer til resultat og balanse

Utlån til personmarknaden utgjør 1073,5 mill. kr (1048,1 same tidspunkt i fjor) eller 86,8 % av samla utlån i eigen balanse. Utlån til næringsmarknaden utgjør 165,3 mill. kr (159,8 på same tidspunkt i fjor) eller 13,3 % av samla utlån i eigen balanse. Det er resultatført ein gevinst på vel 1,26 mill. kr på grunn av salet av Visa Europe til Visa Inc. LCR pr 30.9. er 107.

Utsikter for resten av året


Rentemarginen har auka noko i høve til på same tid i fjor, medan provisjonsinntektene frå formidling av bustadlån har minka. Dette speglar konkurransesituasjonen og eit lågt rentenivå. Likviditetssituasjonen er tryggjande, og banken har få, små og godt spreidde låneforfall.

Utlånsauken har så langt i år vore om lag som budsjettert. Styret forventar hard kamp om kundane framover, og kundevekst er ei utfordring for bankane. Ny forskrift skjerpar krava til kven som kan få bustadlån, noko som truleg vil redusere den generelle kredittveksten noko. I sin tur kan dette føre til at det vert endå vanskelegare å oppnå nødvendig volumvekst. Styret opplever likevel at Valle Sparebank framstår som ein attraktiv bank, og såleis står godt rusta til å møte konkurransen.

Den realøkonomiske utviklinga, og risikoen for tap på utlån, er nok den viktigaste enkeltfaktoren som kan påverke resultatutviklinga den nærmaste tida. Fokus på engasjementsoppfølging og kredittrisiko vil difor verte prioritert framover.

Valle, 25. oktober 2016



Jostein Rysstad
(styreleiar)


Geir Olav Uppstad

Olav K. Mosdøl
(nestleiar)

Gro Haatveit


Magnhild Bjørnara


Vidar H. Homme
(Adm. banksjef)

Resultatrekneskap

Prosent av gj. sn. forv. kapital

Beløp i heile tusen

30.09.15	31.12.15	30.09.16		30.09.16	31.12.15	30.09.15
3,50 %	3,40 %	2,96 %	Renteinntekter og liknande inntekter	30.691	46.677	35.772
1,51 %	1,39 %	0,91 %	Rentekostnader og liknande kostnader	9.415	19.035	15.428
1,99 %	2,02 %	2,05 %	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	21.276	27.642	20.344
0,17 %	0,13 %	0,19 %	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	1.963	1.762	1.746
0,63 %	0,62 %	0,53 %	Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	5.470	8.501	6.421
0,11 %	0,11 %	0,12 %	Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	1.228	1.513	1.121
-0,04 %	-0,03 %	0,06 %	Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmi	662	-460	-409
0,02 %	0,02 %	0,01 %	Andre driftsinntekter	152	304	241
0,67 %	0,63 %	0,68 %	Sum andre driftsinntekter	7.019	8.594	6.878
1,25 %	1,25 %	1,21 %	Løn og generelle administrasjonskostnader	12.511	17.119	12.763
0,03 %	0,04 %	0,03 %	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidler og immaterielle egedelar	326	537	273
0,39 %	0,41 %	0,36 %	Andre driftskostnader	3.771	5.599	3.989
1,66 %	1,70 %	1,60 %	Sum andre driftskostnader	16.608	23.255	17.025
1,00 %	0,95 %	1,13 %	Driftsresultat før tap	11.687	12.981	10.197
-0,14 %	-0,16 %	-0,13 %	Tap på utlån, garantier m.v.	-1.356	-2.161	-1.393
0,00 %	0,00 %	0,12 %	Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmid	1.257	32	32
0,86 %	0,79 %	1,12 %	Resultat av ordinær drift før skatt	11.588	10.852	8.836
0,19 %	0,22 %	0,21 %	Skatt på ordinært resultat	2.175	3.030	1.914
0,68 %	0,57 %	0,91 %	Resultat av ordinær drift etter skatt	9.413	7.822	6.922

Balanse

Egedelar

Beløp i hele tusen

	30.09.16	31.12.15	30.09.15
Kontantar og fordringar på sentralbankar	15.463	13.178	13.812
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	16.012	22.883	6.923
Utlån til og fordringar på kundar	1.238.803	1.195.008	1.207.948
- Nedskrivningar på individuelle utlån	-2.338	-1.825	-2.279
- Nedskrivningar på grupper av utlån	-2.600	-2.600	-2.600
Netto utlån og fordringar på kundar	1.233.865	1.190.583	1.203.069
Overtatte egedelar	4.650	7.150	7.150
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	73.554	77.350	79.504
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	44.199	43.169	41.902
Eigarinteresser i tilknytta selskap	0	0	0
Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0
Immaterielle egedelar	0	0	333
Varige driftsmidler	14.786	15.100	15.207
Andre egedelar	226	566	425
Forskotsbetalte ikkje påkomne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	4.621	3.838	4.950
Sum egedelar	1.407.376	1.373.817	1.373.275

Gjeld og egenkapital

Gjeld til kredittinstitusjonar	135.233	110.406	118.068
Innskot frå og gjeld til kundar	1.066.473	1.068.010	1.048.209
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	0	0	0
Anna gjeld	3.366	6.878	6.035
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	8.148	1.755	14.261
Avsetningar for påkomne kostnader og skyldnader	111	111	1.633
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Sum gjeld	1.213.331	1.187.160	1.188.206
Opptent egenkapital	184.632	186.657	178.147
Udisponert overskot	9.413		6.922
Sum egenkapital	194.045	186.657	185.069
Sum gjeld og egenkapital	1.407.376	1.373.817	1.373.275

Vilkårsette skyldnader

Skyldnader

66.722	48.459	76.020
31.705	44.646	46.636

<i>Tap på utlån</i>	30.09.16	31.12.15	30.09.15
Misleghaldne lån:			
Brutto misleghaldne lån:	9.180	2.651	4.715
Netto misleghaldne lån:	8.727	2.466	3.536
Tapsutsette lån:			
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne lån	18.994	15.843	5.368
Netto tapsutsette, ikkje misleghaldne lån	17.109	14.203	4.268
Tap på utlån og garantiar:			
Periodens endring i nedskriving på individuelle utlån og garantiar	513	-424	-230
+ Periodens endring i nedskriving på grupper av utlån og garantiar	0	0	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år er avsett / nedskriva for	183	1.396	1.284
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år ikkje er avsett / nedskriva for	712	1.284	135
- Periodens inngang på tidlegare periodars konstaterte tap	-52	-95	57
Periodens tapskostnader	1.356	2.351	1.132

Kvartalsvis resultatutvikling (Tal i heile tusen)	3.kvartal	2.kvartal	1.kvartal	4.kvartal	3.kvartal
	2016	2016	2016	2015	2015
RESULTAT					
Renteinntekter og liknande inntekter	10.270	10.141	10.280	10.905	11.777
Rentekostnader og liknande kostnader	3.016	3.169	3.230	3.607	4.406
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	7.254	6.972	7.050	7.298	7.371
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0	1.963	0	16	35
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	1.981	1.778	1.711	2.080	2.212
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	395	399	434	392	368
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	224	286	152	-51	-416
Andre driftsinntekter	34	51	67	63	77
Løn og generelle administrasjonskostnader	3.897	4.514	4.100	4.356	3.978
Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	109	109	108	264	91
Andre driftskostnader	1.037	1.267	1.467	1.610	1.228
Resultat før tap og skatt	4.055	4.761	2.871	2.784	3.614
Tap på utlån, garantiar m.v.	-222	-158	-976	-768	-357
Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	146	1.111	0	0	0
Skatt på ordinært resultat	995	670	510	1.116	831
Resultat av ordinær drift etter skatt	2.984	5.044	1.385	900	2.426

Nøkkeltal	30.09.16	30.06.16	31.03.16	31.12.15	30.09.15
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	2,05 %	2,05 %	2,07 %	2,02 %	1,99 %
Driftsinntekter	0,68 %	0,76 %	0,44 %	0,63 %	0,67 %
Driftskostnader	1,60 %	1,69 %	1,66 %	1,70 %	1,66 %
Resultat for rekneskapsåret	0,91 %	0,94 %	0,41 %	0,57 %	0,68 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	6,81 %	7,00 %	3,00 %	4,19 %	5,19 %
Kostnader i % av totale inntekter	58,70 %	60,24 %	66,41 %	64,18 %	62,54 %
Kostnader i % av totale inntekter eks. kursvinst./tap	60,10 %	61,65 %	67,61 %	63,37 %	61,62 %
Tap i % av brutto utlån	0,11 %	0,09 %	0,08 %	0,18 %	0,12 %
Netto ansvarleg kapital	167.364	168.725	170.213	171.562	160.191
Kjernekapital	167.364	168.725	170.213	171.562	160.191
Tilleggskapital	167.364	168.725	0	0	0
Risikovekta balanse	771.482	760.700	757.000	757.263	758.950
Kapitaldekning i %	21,69 %	22,18 %	22,49 %	22,66 %	21,11 %
12 mnd forvaltningsvekst	2,48 %	0,08 %	1,13 %	0,58 %	2,03 %
12 mnd utlånsvekst	2,55 %	0,08 %	5,82 %	3,80 %	5,54 %
12 mnd innskuddsvekst	1,74 %	0,32 %	3,67 %	3,04 %	4,98 %
Innskudd i % av utlån	86,09 %	88,52 %	87,54 %	89,37 %	86,78 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	1.383.769	1.375.019	1.371.059	1.371.111	1.367.319
Antall årsverk	13,8	13,0	13,0	13,0	13,0